

# Inspirasjonsseminar

## Korona og rusmiddel - Tankar kring tida vi lever i

IOGT Region Midt-Norge inviterer til samling på Scandic Parken i Ålesund, torsdag 16. september 2021 - kl 15.00.

Talet på seminarplassar vert avgjort utifrå coronasituasjonen. Seminaret er først og fremst ope for IOGT-medlemer.



Tema for seminaret:

*Vi er kvarandre sitt samfunnsmiljø*

## **KORONA OG RUSMIDDEL**

-tankar om den tida vi lever i

**Koronaviruset** [Covid-19] er på alle sine lepper. Eit virus som ingen hadde høyrte om for berre nokre månader sidan, har snudd om på liva våre. Det vi med største sjølvfølgje kunne gjere for nokre månader sidan, kan vi ikkje i dag. Mange har blitt sjuke og dødsfalla stiger i store deler av verda. Næringslivet slit med å få økonomien til å gå rundt. Mange har mista jobbane sine. Vi har mindre friidom til å reise, delta i møte og vere saman med andre. Barnehagar, skular og universitet blir stengde og opnast att. Alt avhengig av smittetrykket. Vi er blitt bekymra for smitte og sjukdom.

**Koronaviruset kjenner** ingen landegrenser og rammar alle, fattig som rik. Nokre blir alvorlegare sjuke enn andre, kvifor veit vi ennå ikkje nok om. Heldigvis blir dei aller fleste friske sjølv om nokre blir alvorleg sjuke. Vi har alle eit felles ansvar for å kome oss gjennom det vi no står i. Mykje går bra og det er viktig å lære av erfaring og kunnskap. Og kva kan vi då gjere inntil vaksinen er der. Det eg gjer i dag for å unngå å smitte andre, blir viktig. Kva eg gjer, påverkar andre.

**Verdens helseorganisasjon** [WHO] har advart mot alkoholbruk under koronapandemien. Europakontoret av WHO har bedt styresmaktene i alle europeiske land om å gjennomføre tiltak som begrensar alkoholbruken. I fleire av våre byar har det for eksempel blitt gjennomført restriksjonar i alkoholservinga. Kommuneoverlegar har åtvare om at "meteren" vert påverka ved stigande promille. Smittetrykket aukar med stigande promille.

**Kva kan vi så då gjere?** Vi har samla alt dette i tittelen - **Vi er kvarandre sitt samfunnsmiljø**. Tankar om den tida vi lever i. Kva påvirkar våre handlingar positivt og negativt? Kva skal til for å kunne stå godt saman og ta eit felles ansvar i kvardagen. Å vere den beste utgåva av seg sjølv blir viktig. Rett og slett fordi det reduserer smittetrykket. Koronasmitte har også noko med alkoholbruk å gjere.

**På seminaret** vil vi sjå på temaet med fleire korte innleiingar og muligheter for spørsmål. Vi vil avslutte seminaret med ein paneldebatt samla rundt eit rundt bord.

**Vi kjem oss godt igjennom** pandemien - så lenge vi står bra saman. Denne setninga blir ein raud tråd i ettermiddagstimane vi er samla i Ålesund den 16. september med alle nødvendige smitteverntiltak tatt vare på. Og vi har samla fleire interessante innleiarar som blir med denne ettermiddagen.

Målet for seminaret er at vi skal reise frå kvarandre litt meir inspirert og klokare til å fortsette arbeidet for ein mest mogleg rusfri oppvekst for alle.

Vel møtt til dialog og nokre spennande ettermiddagstimar med ei innhaldsrik samling i Ålesund!

Geir Riise



## **Foredragshaldarane:**

### **Geir Riise:**

Generalsekretær i Den norske legeförening frå 2009. Utdanna lege, som gjennom åra har vore innoim Statoil (sjefslege), NHO (avdelingsdirektør), Hjelp 24 (direktør) og Posten (HMS-direktør).

### **Torstein Hole:**

Fagdirektør/dr. med og lege - Helse Møre og Romsdal HF.

Torstein Hole



### **Janka Holstad:**

Direktør Helse og velferd, Fredrikstad kommune. Utdanna psykiatrisk sjukepleiar ved Høgskolen i Akershus, jobba mange år ved Akershus universitetssykehuset avdeling for illegale rusmidlar. Divisjonsdirektør i Blå Kors - med tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) på oppdrag for dei Regionale Helseforetaka.

### **Ørnulf Thorbjørnsen:**

Leiar i IOGT i Norge. Prosjektleiar i Helse Nord.

Janka Holstad



### **Ingar Bøen:**

Politimeister i Møre og Romsdal. Tidlegare politiinspektør i Sunnmøre politidistrikt, statsadvokat i Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane statsadvokatembeter. Bøen er cand. jur.

### **Per-Arne Lillebø:**

Leiar i IOGT Region Midt-Norge.

Ørnulf Thorbjørnsen



Ingar Bøen



Per-Arne Lillebø



Scandic Parken

## **Seminarprogram:**

- Kl. 15.00: Registrering. Kaffi og rundstykke.
- Kl. 15.30: Vi samlast – åpning ved regionleiar Per-Arne Lillebø, IOGT – Region Midt-Norge  
Presentasjon av innleiarar og program
- Kl. 15.45: Vi er kvarandre sitt samfunnsmiljø – kva veit vi om koronapandemien, rusmidlar, smitte og påverknad v/generalsekretær i Den norske legeforening Geir Riise.
- Kl. 16.25: Koronapandemien – og moglege helseskadar.  
Kva kan helsetenesta, lokalsamfunnet og den enkelte gjere v/fagdirektør Torstein Hole, Ålesund sykehus.
- Kl. 17.00: Pause – mingling med 1 meter avstand. Kaffi og småprat
- Kl. 17.15: Vi må snakke tydeleg om alkohol og andre rusmiddel. Kva kan vi gjere for å hjelpe sårbare grupper [barn, ungdom, eldre, kronisk sjuke...] ved å endre litt på eigne rusvanar v/divisjonsdirektør Janka Holstad, Blå Kors
- Kl. 17.35: Frivilligheita sin plass for eit varmare samfunn der vi alle tar eit større ansvar for kvarandre v/leiar av IOGT i Norge, Ørnulf Thorbjørnsen.
- Kl. 17.50: Kort beinstrekk
- Kl. 18.00: Paneldebatt – leia av generalsekretær Geir Riise  
Å vere den beste utgåva av seg sjølv – vegen ut av pandemien – tanker og refleksjonar.  
Kva er viktigast å passe på. Kan vi finne dei 5 beste råda saman?  
Målet er å bli litt klokare saman.  
I paneldebatten deltar innleiarane og politimeister Ingar Bøen.
- Kl. 19.00: Avslutning.



IOGT i Norge er ein landsomfattande, ruspolitisk organisasjon i vekst. Vi arbeider med ulike rusførebyggjande tiltak og eit omfattande sosialt arbeid, retta mot rusavhengige og mot barn og unge. Vi arbeider for å gjere det lett å ta rusfrie val i eit trygt og inkluderande samfunn.

Også i år blir inspirasjonsseminaret på Scandic Parken i vakre Ålesund.

**Etter seminaret:**

## Middag med litt underholdning



### **Robert Tron Tjomlid**

er lærer i Ålesund. I tillegg er han musikar, songar, låtskrivar og diktar. Han held konsertar, aleine og med band, og han har ei eiga diktside på sosiale media.

Han vil underhalde oss under festmiddagen.



### **Bjørn Austigard**

Kåseri - Omsorg i eit folkeminneperspektiv

Bli med og få ei kjekk stund saman med oss.

**Vi ynskjer deg hjarteleg velkomen!**

Med helsing IOGT Region Midt-Norge

Per-Arne Lillebø

Leiar

Hjørdis Almelid Vikenes,  
Nestleiar

John Almendingen,  
Sekretær

Marianne Baarholm,  
Styremedlem

Øystein Dyb Hansen,  
Styremedlem

Arne Sandøy  
Økonomileiar



Påmelding av deltakarar frå område/lag og einskildpersonar,  
seinast laurdag 14. august 2021 til Per-Arne Lillebø, Bjørndalvegen 2A, 6065 Ulsteinvik  
E-post: [per.arne.lillebo@gmail.com](mailto:per.arne.lillebo@gmail.com) eller mobil 90699082

I utgangspunktet reknar ein med at det i alle høve kjem 3 personar per område og 2 personar per lag.  
Dersom nokre område eller lag ikkje fyller kvoten, vil vi vurdere å ta inn andre medlemmer.

Seminaret er gratis for IOGT-medlemmer i Region Midt-Norge. Andre som er med på både seminar delen og kveldsbuffet betalar kr 1.000,-. Den som deltek berre på konferansen betalar kr 400,-.  
Kontoinformasjon: IOGT Region Midt-Norge, konto nr 3910 37 56476.

Regionen dekkjer overnatting for langvegfarande IOGT-medlemmer.  
Vi reknar med at deltakarar frå Møre og Romsdal reiser heim same dag.  
Regionen dekkjer ikkje reiseutgifter. Ved påmelding må ein oppgi om ein vil delta på middagen.